

Tekstkritikk til *Barlaams saga ok Jósafats* Nokre merknader

Av Reidar Astås

I denne artikkelen vil forfatteren jamføra fire handskrifter av Barlaams saga ok Jósafats, som ligg til grunn for Magnus Rindals tekstutgåve (Rindal 1981), og gje ei nyvurdering av tilhøvet mellom dei. Grunnlaget for studien er Rindal 1981, fotografi av handskriftene, og to utgåver av den latinske hovudkjelda for Barlaams saga ok Jósafats. Tekstmaterialet utgjevaren byggjer på, er komplekst og problemfylt. Somme variantar skaper problem, og stundom må han velja mellom alternativ for å koma vidare på vegen mot ein stemmahypotese,

Under bruk av utgåva kan ein stilla seg kritisk til einskilde vurderingar og vegval. Artikkelen samanliknar og drøfter avvik og lesemåtar i eit utval av døme frå handskrifter. Parallele tekststader er haldne opp mot latintekst den norrøne teksten byggjer på. Einingane er frå mindre, avgrensa tekstområde, men er jamt over noko vidare i omfang enn dei utgjevaren har funne rom for i innleiinga. I denne studien vert det på dette grunnlaget forsøkt å gjeva ei vurdering av fire handskrifter som tekstvitne. Konklusjonen er at desse handskriftene kan stå kvarandre nærare enn det utgjevaren hevdar.

Innleiing

Før var det vanleg å sjå den gresk-ortodokse kyrkjefaderen Johannes frå Damaskus (ca. 675–748 e. Kr.) som opphavsmann for saga om Barlaam og Josafat. Men funn og nyare gransking har synt noko anna. Soga fann si fyrste form i indisk buddhistisk miljø. Derifrå vart ho spreidd på mange språk til sentrale delar av Asia. Ei omsetjing til det sørkaukasiske språket gamalgeorgisk i eit Georgia med gresk-ortodoks kyrkje opna vegen til Europa. Den georgiske versjonen vart omsett til gresk, og vidare frå gresk til latin to gonger med hundre års mellomrom, sjå Astås 1990 b. Den andre latinske versjonen, frå 1100-talet, vart grunnlag for omsetjingar til mange folkespråk i Europa, mellom dei norrønt. Kring midten av 1200-talet hadde Bergen

serstode som kongeleg residensby. Kongehuset synte interesse for verket, noko som verka med til at det ved denne tida vart ført over til heimleg språk i eit bergensk skrive-miljø knytt til klosterliv.

Med bakgrunn i “contemptus mundi”-toposet, som stod sterkt både innanfor buddhismen og i mellomalderleg kristendom, vart innhaldet i saga ved innskot og brigde tilmåta smak, miljø og ideal hjå nye adressatar. Ramma er ei omvendingssoge på toppen av samfunnet. Josafat, einaste son til kong Avennir av India, gjev seg inn under kristendommen etter påverknad frå einebuaren Barlaam, trass i alle freistnader frå kongen på å hindra noko slikt. Det vert hard kamp mellom far og son for eller mot kristendommen. Men kong Avennir tek ved kristen tru før han døyr, og då sonen kjem på trona, vert landet kristna. Deretter gjev Josafat frå seg kongsmakta og lever resten av livet som einebuar.

Bokverket skal syna at sjølv dei sterkaste jordiske makter må gje opp når dei har Gud imot seg. Hovedstrukturen er narrativ, med god forteljekunst. Men store delar av verket er dialogar og resonnement. Stoff frå mange ulike kjeldeskrifter er sette inn, m.a. den eldste kristne apologien, vorten til i fyrste delen av andre hundreåret etter Kristus, sjå Astås 1990 c. Ein del av tekstmaterialet i artikkelen er henta frå den.

Orientering

Nedanfor er eit utval tekststader samanlikna med kvarandre og haldne saman med latinsk kjeldetekst. Verktittel i overskrifta så vel som handskriftnemningar frå Rindal 1981 er bytte ut med nemningane i ONP *Registre*: 32f. Bruk av små bokstavar til erstatning for katalogsignaturar er i samsvar med Widding/Bekker-Nielsen/Shook 1963: 301f. Berre dei handskriftene det er henta døme frå, er tekne med nedanfor.

Rindal ser hovudhandskriftet *Holm perg 6 fol* (= a) som eit tidleg steg i tekstoverleveringa, på line med *AM 231 VI fol* (= h1) og *AM 233 IV e 8°* (= h2). Fragmenta h1 og h2 femner om to blad og fire pergamentstrimlar, den fjerde er utan tekst. Dette er restar av eit norsk handskrift, som med eitt unntak berre er nemnde som h (jf Rindal 1981: *36f). Utgjevaren tenkjer seg dei som avskrifter av eit mellomledd som kan ha vore avskrift av den tapte originalen.

Eit steg nedanfor set han *AM 231 V fol* (= g1, heretter g). Eininga er sett opp med onnor avgreining frå originalen (= P) enn a/h. Nedst i stemmahierarkiet plasserar han sogeversjonen i *AM 232 fol* 1ra–54rb (= b) og handskriftet *AM 230 fol* (= c). Desse har kvar sitt tapte handskrift (= U og V) som tenkt førelegg. (1981: *82) og med fire tapte handskriftgenerasjonar som postulert anerekkje.

Handskriftet a av norsk proveniens er hovudtekst i utgåva. Etter den følgjer utfyllingar frå andre handskrifter og fragment. Utgåva femner om tekstmateriale frå i alt 15 ulike vitne. Ein mindre del av saga er heilt tapt.

Tekst frå handskriftet a er lesen etter Rindal 1981 sidene 3–195, frå h etter sidene 237–243. Er berre sidetal og linenummer oppgjeve, gjeld tala alltid Rindal 1981. I

sitata derfrå er tilvisingar til tekstkritisk apparat utelatne. Tekst frå verso-sidene av h1 og h2 er jamførde med foto i Widding 1963: 40–41. Variantar frå handskriftene b/c/g er lesne etter fotografi i svart/kvitt, utlånte frå Manuskript- og librarsamlingen ved Universitetet i Bergen. Når handskriftet c i berre liten grad er med i tekstdøma, er det avdi sams tekst i c og h berre utgjer 12½ line i Rindal 1981 (1232–8, 21–23, 24–29). Latinteksten er lesen etter Lipomanus 1551 og Speyer 1472–73. Der det er avvik mellom utgåvene, er variantane sette i spissparentes med skråstrek mellom, Speyer 1472–73 står sist. Alle avstytingar i latinteksten er oppløyste utan markering, greske ord er transkriberte i kursiv.

Handskrifter og utgåvetekst

Rudolf Keyser og Carl Richard Unger var dei første som etablerte ei ordning av handskriftmaterialet for *Barlaams saga ok Jósafats* (1851: XVI–XXII). Om den norrøne versjonen som er lagd til grunn for utgåva, sjå Haugen [1982] 1991 b og Astås 1990a. Ordninga vart til dels underkjend av Kr. Kålund (1888: 187–92, 1894: 82). Widding (1972: 93) reiste på si side tvil om Kålund si reviderte oppdeling av tekstmaterialet kunne stå ved lag på alle punkt.

Widding (1963: 38) har peika på at *Holm perg 6 fol* “desværre ret ofte viser sig at være noget sjustket afskrevet”. Dette treng ikkje vera teikn på at handskriftet er eit dårleg tekstvitne. Ein må skilja mellom truskap i tradering av tekst og “afskriverens specielle skrivevaner”. Widding (1963: 42, 45) slår elles fast at dei to norske tekstfragmenta under h “må have bibeholdt læsemåder der kan antages at have tilhørt sagaen i dens ældste skikkelse”. Han ser difor på teksten der som “et meget værdifuldt korrektiv” til hovudhandskriftet.

Når to handskrifter gjer felles sak med kvarandre, slik at dei står saman mot eit tredje, må dette etter Widding (1963: 38) tyda på eit nærare slektskap desse handskriftene imellom enn mellom kvart av dei og det tredje. Det kan gjelda samhörigskap i lesemåtar, ordformer, ortografi og paleografi, og ikkje minst i attgjeving av omsett kjeldestoff.

Widding (1972: 100) rekna med å koma attende til tekstkritiske spørsmål i saga seinare. Men før dette vart noko av, gav Norsk historisk kjeldeskrift-institutt ved Magnus Rindal i 1981 ut ei ny utgåve av tekstmaterialet.

Rindal set eit skilje mellom norsk og islandsk teksttradisjon, a/h mot b/c, fragmenta under g “syner blanding av norsk og islandsk språk” (1981: *83). Han finn at “variantmaterialet ikkje gjev grunnlag for å plassera h over a og b, men at h står nærare a enn b og c” (1981: *59). Han finn tekstprov for “eit nært forhold mellom h og a” (*57). og har “ikkje funne noko som gjer det umogleg at h og a kan vere systerhandskrift” (*58). Også b og c nemner han som systerhandskrifter (*55, *57). Han har funne tre “lesemåtar i a og c som isolert sett kunne tyda på eit nært forhold mellom desse to”, men “Det er elles ikkje mykje som talar for noko nært forhold mellom a og c”. Han vel å lata “argumentasjonen stundom byggje på at a og b/c står

fjernt frá kvarandre” (1981: *56). Utgjevaren (1981: *83) gjer merksam på at somme variantar innanfor tekstmaterialet strider mot det stemmahierarkiet han etablerer, men finn at ordningsskjemaet han set opp “inneheld færrest motseiingar”.

Haugen (1991 a: 11f) tok i ei melding av verket opp til tekstkritisk drøfting lese-måtar i h i høve til a og til den latinske teksten, og problematiserte tilhøvet mellom dei. Han seier seg samd med Widding i at h må stå nærare originalhandskriftet enn a. Haugen (1991 a: 16) peikar på eit tydeleg samsvar mellom norrøn tekst og latin-tekst, og viser gjennom fyldig dokumentasjon at og korleis “den latinske teksta kastar lys over lese-måtane i dei norrøne handskriftene”.

Tekstdrøfting

Ein del opplysningar som kunne vore til hjelp i vurderinga av tilhøvet mellom tekstvitna, er ikkje inkluderte i utgåva sitt kritiske apparat. Det gjeld avvik med omsyn til utelatingar, tekstsprang og inversjonar, tillegg og ordutbyting.

Som døme kan nemnast: Side 100³⁰ har a “innan oc uttan”, b 21rb¹⁸ “utan oc innan” og h side 237⁷ “uttan ok inan”. Her fylgjer b h i ordstilling *mot* a. I a side 100³¹ står “við verða”, b 21rb²⁰ har “vid verþa”, og h side 237⁷ “uerda uit”. Dette er ein stad der a og h står saman *mot* b. I a side 101¹⁸ står “ambunat”, og h side 237²⁴ har “ambunat”, men i g 1vb²⁷ står “ambanat”, og i b 21va³ er ordet bytt ut med “launað”. Side 237¹¹ har h “i þesso” framfor “i æsko”, men dette vantar i b 21rb²⁴ og i a side 101⁴. Det finst ikkje noko tilsvarende i Lipomanus 329^{27f}, og orda er tydeleg komne inn ved feilskrivning. Noko av det som ikkje er med i apparatet, er nytta i innleiinga. Sjølv om slike avvik mellom handskrifter ikkje treng å ha så stor tekstkritisk verdi kvar for seg, kan dei underbyggja, gjera klårare eller svekkja tendensar som alt finst.

Viktigare er samanlikning av utvalde tekststader frå handskriftene, sett på bakgrunn av den latinteksten dei er meinte å vera ei tilmåta attgjeving av. Side 128^{23f} har a “er serpentina hevir heitit”, b 30rb^{1f} “er proserpina hæfir hæitið” og h side 239³⁶ “er serpina het”. Latinteksten har her “Persephona” (Lipomanus 335a²²). Her står a og h saman om verbalform, medan b står for seg sjølv med “het”. I b er den latiniserte forma av det greske gudinnenamnet *Persefone* nytta. Dette tyder på at handskriftet kan ha ført vidare namneforma som var nytta i den tapte norrøne arketypen. Lesemåtane i a og h er etter alt å døma forvanskningar av det latinske adjektivet “serpentinus”. Det var noko nytta i tydinga diabolisk innanfor kyrkjeleg mellomalderlitteratur (sjå m.a. Blaise 1954).

Ein tekststad med sprik mellom handskrifter finn me side 123¹¹, der a har “optlega verðr hon oc suivið”, b 28rb^{33f} “Opt verþr hon saugoð” og c 55v^{4f} “O’p’ptlega uerðr hon oc svivirð. oc saurguð”. Lipomanus 334a²⁵ har her “inquinatur”. Teksten i c ser ut som ei sameining av a og b, men i b finn me den mest kjeldenære lese-måten.

I a side 128²⁴ er attgjeve ei tiltaleform: “Hevir þu høeyrt herra. konongr”. Dette

svarar til b 30rb^{2f}: “hæfir þu hæyrt *konungr*” og h side 239³⁶ “hæfir [þu] høyrt *konungr*”. Dei norrøne tekstvariantane går attende på “Vidisti, o rex” (Lipomanus 335a²³). Det seier kanskje litt om kommunikasjonskulturen og dei heimlege adresatane for saga at ordforma “Vidisti” (etter gresk *eīdes*), som gjeld iakttaking med synssansen, er attgjeve med “hæfir þu hæyrt”. Formularen “o rex” er i latinteksten ein ofte nytta tiltale til ein konge, og er overteken frå gresk *ō basileū*, jf Woodward/Mattingly 1967: 412¹³. Handskriftene b/h står saman om å utelata “herra” framfor respektive “*konungr*” og “*konungr*” i a. Formularen “herra *konungr*”, som er nytta 18 gonger i saga, er ei fast attgjeving for “o rex” eller berre for “rex” i alle tekstvitne. Men ikkje alle gonger den latinske teksten har uttrykket, er dette teke med i den norrøne saga. Ein stad der latinteksten *ikkje* har formularen, har a side 91¹⁴ “Minn herá. *konongr*” og b 18ra¹⁹ “Min herá *konungr*”. Den nokså faste formularbruket vitnar om at a har den opphavlege lese máten side 128²⁴, medan b/h har stroke “herra”. Når dei to handskriftene står saman om avkorting av ein så fast tiltale, kan dette tyda på eit nært og direkte tilhøve mellom dei.

Side 122¹⁴ har a: “Hugleiðum nv fyrst sialver. vm hafuð skepnunnar”. I b 28ra^{19f} står: “Hugleiðum nu fírst um sialfar hofuð sceþnornar”, medan c 55r^{1f} har “[Hugleiðum nú fyrst um sialuar haufuðskefnu'n'nar”. Lipomanus 334a⁷ har: “Veniamus, o rex, ad ipsa elementa”. Den retoriske tiltalen “o rex” har ikkje vorte med ved overføringa av teksten til norrønt. Her står a mot b/c med ein inversjon som inneber meiningsskilnad, og som tydeleg er sekundær. Det er den sams teksten i b/c som står nærast den latinske kjelda.

Ein noko kompleks tekstbolk når det gjeld utelatingar står i a side 128^{28f}: “oc eitt sinni hio hann. villigoltr einn. af þui sare sama. segia þeir hann daat hava af. oc matte hann sialfr . enga hiolp veita ser”. I b 30rb^{9ff} lyder dette: “oc æino sinni hio hann villi golltr æinn *ok* af þi sari segia þeir hann dait hafa. oc matti hann onga hialp væíta sialfvm ser”. I h står side 239^{40f}: “ok einu sinni hio ha[nn] villigoltr ein[n] af þui sama sare segia þeir hann dat hafa. [oc] m[at]te hann sialfr enga hialp v[ei]ta siolfum s[er. huer]ja”. Lipomanus 335a^{24f} har: “et hunc uiolenter mortuum esse ab apro plagatum, et non potuisse auxiliari miseræ sue”.

Her er a åleine om eit “af” for mykje etter “hava”, å sjå til som ein pleonasme. Det er sprik mellom handskriftene når a har “daat”, b “dait” og h “dat” som perfektumform av verbet “deyja”. Men a og h står saman om “sialfr”, som vantar i b framfor “onga”. I b vantar også “sama”. På den andre sida er b åleine om å ha “*ok*” framfor “af þi sari”. I a står “sare sama”, men i h er rekkefølgja snudd, noko som gjev betre ordstilling. Mot a “eitt” står b/h saman om å ha “æino”/“einu” framfor “sinni”. Dei to handskriftene har også “sialfum”/“siolfum”, som vantar i a framfor “ser”. Her er det ikkje råd å seia at ein av tekstversjonane merkjer seg ut som meir opphavleg enn dei andre.

I a side 123^{28f} heiter det om elden: “borenn or stað. oc i annan slæktr oc tendraðr. aukaðr oc minkaðr. at verma oc sioða. manna nauðzýnía”. Til dette svarar i b 28va^{17f}: “borinn ór stað. oc sloctr iafnan tendraðr. aukaþr oc minkaþr. at verma oc sioða manna nauðsyniar”. I c 55v^{21ff} heiter det på tilsvarande stad: “borenn ur stað iam-

nan slauktr oc tenðraðr aukaðr oc minnkaðr. at uerma oc sioða *manna nauðsyniar*”. I h side 242^{21ff} lyder det same: “*borenn or stað oc iann[an. slækt]R ok tendraðr. avkaðr ok minkaðr [at] verma ok seðia*”. Dette svarar i Lipomanus 334a^{33f} til: “*Circunfertur de loco ad locum, et accenditur ad elixandas, et <ascandas/assandas> carnes </+ diversas>*”.

Fragmentet med h-tekst er klipt av der sitatet sluttar. Når c vantar “oc” etter “stað”, er dette truleg ei redigering frå skrifvarhand fordi konjunksjonen ikkje var nauðsynt her. At b vantar “oc” framfor “tendraðr”, skaper ugreie i teksten, saman med ordomstillinga “*sloctr iafnan*“. Her følgjer c med “*iamnan slauktr*” a og h i ordstilling. At b/c står saman om “*iafnan*”/“*iamnan*”, medan a har “*i annan*” og h det same i samanskiving, tyder på at ei misskriving har kome inn i overleveringsprosessen på eit trinn føre b/c. Her er ein av dei stadene der b/c har ein sams feil (jf Rindal 1981: *55 for fleire). Dette kan tyda på at a/h har den mest opphavlege lesemåten samanlikna med latinteksten, og at c på dette punktet står nærare a/h enn b gjer.

Sitateininga har ein problematisk sluttsekvens. Speyer 1472–73 har med eit ord som er utelate i Lipomanus sin tekst, nemleg “*diversas*”. Med dette ordet på plass er det i latinteksten tale om å koka eller steikja kjøttrettar av ymse slag. Sjølv om “*seðja*” i h må vega tungt som *lectio difficilior*, vert det ein avveg å akseptera ein lesemåte som tyder å stetta ein trong. Då måtte det tapte framhaldet i h ha vore eit heilt anna enn det dei tre attverande tekstvitna har, og dette er svært lite truleg. Rindal (1981: *59) peikar på at det er akkusativ pluralis av “*nauðsyn*” ein har med å gjera i b/c. Dette er ei omskriving for “*carnes diversas*”. Avsporinga som h har med “*seðia*” svekkjer handskriftet noko som vitne om tidlege lesemåtar.

Det neste dømet står i a side 128^{17–22}:

Venus hevir oc heitit ein þeirra hin mesta gyðia. hon var lettlat miok. ok horkona marga manna. En þesser ero hellzt nefndir. hennar hordoms menn Mars. oc anchises. oc adonides. þat segia þeir. at hon hevir hans dauða mest gratet. oc viðá faret vm verolldena. at leita hans firir astar sakar. En vm siðir for hon iam val niðr til heluitis. at leita hans þar.

I b 30ra^{29–36} heiter det slik:

VENus hæfir hætið æinn þeira hin matkazta gyðia. hon var lætt lat oc horkona margra manna. mars. oc Anchijses ok adonides. þat sægia þeir at hon hafi hans dauða mest gratið oc viðá farit um verolldina hans at læita fyrir astar sakir. enn um siðir for hon jafn vel niðr til helvitis at læita hans þar.

Det tilsvarende tekststykket i h side 239^{30–35} lyder:

Uenus hæfir ok heitit hín mesta gyðia. hon var lettlat miok ok horkona manna. en þessir [ero] hællzt nefndir he[n]nar bidiende mars. ok Anchises. ok Adonides.

þat segia þeir at hon hafe hans dœða [me]st gratit. ok vid[a fare]t um ve[rol]ldena at leita hans firir astar saker. enn um siðir for hon iamual niðr til hæluitis [at] læita hans.

Dette svarar til Lipomanus 335a^{19–22}:

Venerem autem dicunt etiam deam esse adulteram. Nam aliquando habuit mœchum <Martem/maritum>, aliquando uero Anchisen, et aliquando Adonidem, cuius </+ et> mortem deflet, quærens amasium suum: quam dicunt etiam ad infernum descendisse.

Den norrøne teksten har ei omstendelig, forklårande attgjeving. Det var nok sett som naudsynt å gje fleire opplysningar enn dei den latinske kjeldeteksten inneheldt. Dessutan er teksten noko redigert. I staden for to “dicunt” i latinteksten, finst eitt “þat segia þeir” i den norrøne attgjevinga. I framhaldet har a “at hon hevir”, medan b/h har konjunktiv “hafi”/“hafe”. Dette siste høver best i samanhengen, sjølv om det ikkje samsvarar i modus med “deflet” i latinteksten. Handskriftene a/b står saman mot h om å ha “ein þeirra”/“æinn þeira” framfor “hin”, dei står også saman om siste ordet i sitatet, pronomenet “þar”, som vantar i h. I a/h finn ein det forsterkande “miok” etter “lettlat”, medan dette skortar i b. Det nyanserande “En þesser ero hellzt nefndir” i a og tilsvarende i h er heller ikkje med i b, truleg har skrivaren redigert vekk eit tekstelement han fann uturvande. Handskriftene a/h står også saman om “mesta” framfor “gyðia”, medan b har “mattkazta”. Begge har same ordfylgja: “at leita hans”, men b har inversjon. Framfor “manna” har a slurveforma “marga”, medan b har det korrekte “margra”; ordet er ikkje med i h. Der a har “hordoms menn” vantar b ord, men h har “bidiende”. Rindal (1981: *40) hevdar at siste bokstav i ordforma i h er eit eingongstilfelle av svarabhaktivokal i handskriftfragmenta under nemninga h, og at utlyds-r er utelaten. Han får tilslutnad i kommentaren til ordforma under oppslaget “biðjandi” i ONP 2. I den tilsvarende latinteksten finst det eit avvik i lese måte. Lipomanus 1551 har namnet på krigsguden Mars, medan Speyer 1472–73 har akkusativforma av “maritus”. Kan henda har avskrivaren som nytta “bidiende” kjent til Speyer-varianten, og prøvt å få han med i attgjevinga? Ein kan ikkje sjå bort frå at avskrivarane har hatt ein latinsk tekstversjon å søkja hjelp i under arbeidet. I denne tekstbolken har me sett eit komplekst trekanttilhøve: Handskriftet a syner sterkast hopehav med h, men har også likskapar med b *mot* h.

I omtalen av dei som held mennesket for gud, står det i a side 124^{31–35}:

ver siam oc vitum. at hans natura verðr fremíazt. oc fullgerazt. eptir kynfylgiu oc natturu hans. oc nauðzyn. vegs vndir valldde annarra manna. flyzt oc fœðezt. eptir þeirra boðe. ok þo at vm siðir. verði hann sialfræðr þa fellr þo a hann þungi. oc elli at hann nauðigr viðr take.

I b 28vb²⁸⁻³⁵ lyder det tilsvarende stykket:

ver seam oc vitvm. ad hans nattuura verþr framarst oc fullgerazt eptir kynfylgio oc nattrro hans oc nauðsyn. vex undir valldi annarra Manna. flytz oc fæþiz æptir þeira boþi. Oc þo at um siþir uerði hann sialfræþr. þa fellr þo ahann þungi oc ælli At hann nauðigr við taki.

I h side 243⁵⁻⁸ vantar ein del av stykket som følgje av handskriftdefekt: “æftir kynfylgio ok nattuuro hans ok nauðsyn. vex undir valldi annara manna. flyzt ok föriz æftir þeira bo[ðe. oc þo] at um siðer verdi hann [... li] at hann [nauðigr við] taki”. Dette svarar til Lipomanus 334b³⁻⁵: “Videmus quippe illum motum secundum necessitatem, et enutritum, ac senescentem, etiam se nolente”.

Den norrøne attgjevinga er noko fri, og langt meir umfangsrik enn den knappe latinske kjeldeteksten. Attgjevingsforma har nok sin grunn i at ein filosofisk dispuTT her er skriven om for å nå ein annan og vidare adressatkrins enn den latinske versjonen sikta mot (Astås 1990a: 146–48). I sitatet frå h er den nest siste klammerparenthesen utvida med prikkmarkering for tapt tekst. I tekstattgjevinga ovanfor er “færiz” i den prenta teksten av h retta til “föriz” etter foto i Widding 1963: 41, jamfør attgjeving av fragmenttekst på følgjande sider.

Det er fleire avvik mellom dei tre tekstversjonane her. Forma “nattrro” i b har nok kome opp ved feilskrivning av r for u. I staden for “fremíazt” i a har b “framarst”. Dette er nok ei feilskrivning, på grunn av feillesing. Her er det a som har den opphavlegaste teksten. Eit innhaldsleg vektigare avvik er “vegs” i a mot “vex” i b/h. Ut frå samanhengen vert det klårt at varianten i b/h må vera mest opphavleg. I eit siste avvik står a med “fæðezt” saman med b “fæðiz”, medan h har “föriz”. Etter Widding (1963: 42) har b og h her opphavleg stått saman om ein sams feil i siste ordet, “som synes at være rettet fra færiz” i b. Rindal seier om tekststaden at “her har b retta, men nokså sikkert ikkje frå færiz” (1981: *58). I b er det spor etter ein noko forkrøpla r som er innskoten mellom þ og z. Det er uvisst om ein tilnærma horisontalstrek som går inn på þ frå venstre er elimineringssteikn. I så fall ligg der føre ei retting i b frå “fæþiz” til “færiz”. Er det latinteksten sitt “enutritum” som er attgjeve her, må det vera a som har beste lese måten. Den har b truleg delt med a, men så er det sett inn eit forsøk med retting til den lese måten h står for. Dette kan tyda på at b ligg nærare h enn ein i første omgang får inntrykk av. Men Haugen (1991 a: 11) meiner at det like snart kan vera “motum” som “enutritum” som ligg til grunn, då kan h med ordparet “flytz ok færiz”, eventuelt “flytz ok föriz”, ha den mest opphavlege lese måten.

I attgjevinga av “totius factor creaturæ” (Lipomanus 329b²⁰) har a side 103² “skapare allar skepnu”, b 22ra¹² “scapare allrar scepno” og h side 239⁹ “skappare allrar skepnu”. Her står b/h saman mot a om rett grammatisk form “allrar”. Eit anna tilfelle der b/h har sams avvik frå a, er i attgjevinga av “non deseruit” (Lipomanus 329b¹⁹). Her har a side 102³⁸: “þa vennde eigi guð at helldr sinum miskunnar augum af honom”. I b 22ra^{6f} heiter det: “Eigi vændi guð þi helldr miscunnar augum

fra honum. I h side 239^{4f} er dette formulert slik: “þa vennde æigi at helldr. Guð sínun miskunnar avgum. fra honum”.

Her har omsetjaren erstatta uttrykksmåten i latinen med ein metafor frå heimleg kyrkjeleg-religiøs litteratur, “líta miskunnaraugum til”. Biletet málber at Gud syner medkjensle mot nokon ved å gripa inn. Handskriftteksten er nokså lik i a/h. At a har ordfylgja “guð at helldr” medan h har betre tekstflyt med “at helldr. Guð” er trygt innanfor rammene for det ein skrivar kunne tillata seg. Begge handskriftene har pronominalforma “sinum” framfor “miskunnar”, medan ho vantar i b. Der er også “þa” utelate, og framfor “helldr” står “þi” og ikkje “at”, som a/h har. Men b/h står saman *mot* a med preposisjonen “fra” i staden for “af” framfor sluttordet “honum”. I metaforen er “frá” vanleg preposisjon, og dette stemmer best med latinen. Dermed står a med *lectio difficilior*. Den av tekstvariantane som ser ut til å koma best frå samanlikninga med omsyn til tekstflyt og ordbruk, er h-teksten. Dei to andre handskriftene verkar noko forkludra her.

I a side 129^{26f} står: “þui at þeir dyrkkaðu bufee. oc hafðu firir guð En aðrer buk”. Til dette svarar b 30va^{20ff}: “þeir dyrkuðu bufæ oc hófðu fyrir guði með ymissligri fagan ok þionustu. þeir voro æinir ær hafðu sær sað fir guð. aðrir bukk”. Dette heiter i h side 240^{32ff}: “þui at þeir dyrkaðu bufe ok hafdu fir guð með ymislegre fagan ok þionosto. þer voro ok sumer er ser hafdo savd fir Guð. aðrir bukk”. Lipomanus 335a^{44f} har her: “etiam <bruta, et muta/muta et bruta> animalia induxerunt deos esse. Nam quidam illorum coluerunt ouem, quidam uero hircum”.

I a er det gjort tekstsprang frå eitt “guð” til eit anna. Anakolutien dette førde med seg, er freista reparert ved å setja inn “En”. I rest-teksten er a og h ord til anna like, jamvel i dei uomlydde verbalformene. I b finn ein her dei omlydde formene “dyrkuðu” og “hofðu”. Både a og h har “þui at” som innleiing, noko som vantar i b. Ein skilnad mellom b/h utover det som er nemnt, er at b har “æinir”, h “ok sumer”. Adjektivforma “sumer” høver nok bedre som ekvivalent til *quidam* i latinteksten enn varianten i b gjer. At det står eit “ok” framfor, gjev dessutan betre tekstflyt i h. Dette kan peika i retning av at h her har ei meir opphavleg tekstform enn b.

I kritikken av vatnet som guddom heiter det i a side 123^{20ff}: “optlega oc frys þat. oc kœlezt af margskonar saurgan. dregit oc haptt til þess. at þva vreinemde. af flestom lutum. oc æ hitt fulaztta vatneno apr”. I b 28va^{8ff} står: “Optliga fræyss þat. kælaz oc saurgaz af margskonar dræyra. til þæs ær þat iafnan haft. at þva oræininndi af flæstum lutum”. oc fylgir æ hit fulazta vatnino apr”. Handskriftet c 55v^{14f} har: “Optlega oc frys. þat kælaz oc saurgaz. af margsskonar dryra. til þess er þat haft iamnann at þua orænenði af flestum lutum. oc fylgir æ hit fulasta uatninu apr”. På eit lite fragment er tre tekstlinjer med h-varianten attgjeven side 242¹²⁻¹⁴. Berre siste delen er med: “saurgan. ok haft til þessat þua ureinendi af flestum lutum. ok fyllgir æ hitt vergasta afr”. Lipomanus 334a^{29ff} har her: “et frigore congelatur, et cruoribus inquinatur, et ad cunctarum sordium ablutionem assumitur”.

Eit trekk som skil dei tre norrøne tekstvariantane frå kvarandre. er at mens a har “dregit oc haptt til þess. at”, har b “til þæs ær þat iafnan haft. at”, c “til þess er þat

haft iamnann at”, medan h har “ok haft til þessat”. Versjónen i h *kan* vera ei avkorting av tekst i hǫve til a. Som einaste tekstvitne har a “dregit” som parallellverb til “haptt”/“haft”. Handskriftet b vantar som einaste tekstvitne eit “oc” framfor a/c “fræysss”/“frys”. Medan b/c/h har “fylgir”/“fylgir”/“fyllgir”, vantar ei tilsvarende ordform i a. Men det kan sjá ut som om h i den tapte tekstdelen har hatt ei tekstform svært nær den a har, jf Rindal 1981: *57. Eit viktig avvik mellom tekstvitna er at i staden for a/b/c “fulaztta vatneno”/“fulazta vatnino”/“fulasta uatninu” har h “vergasta”. Ordet finst i same forma i Atlakviða 637: “uina iþ *vergasta*” (GKS 2365 4^o bl. 42v²⁹). Widding (1963: 42) hevdar: “Det sjældne ord *vergr* må være blevet udskiftet til fordel for et mere almindeligt” i dei andre handskriftene. Rindal (1981: *59) finn at teorien om *lectio difficilior* her ville “gjere det naturleg å tolke h’s lese-måte som den opphavlegare”. Dermed vert det alderdomlege ordet ein indikator på at h, som er kring $\frac{3}{4}$ hundreår yngre enn a, kan ha teke vare på tekstvariantar frå eit tidleg stadium i den skriftlege overleveringsprosessen. Ein skilnad som kløyver tekstvitna i to grupper, er at b/c står saman om “dreyra”/“dryra” *mot* a/h, som har “saorgan”/“saurgan”. Dette vitnar om at b/c står nærast latinkjelda, som talar om til-sulking ved blodspille.

Side 122^{18f} heiter det i a: “En sialfum honum synntt. skiptir oc skipar. sialfs sins vilia”. Her har b 28ra^{25ff}: “er sialfvm honum er allt synt sciptir oc scipar ollo eptir sialfs sins vilia”, og c 55r^{5f}: “En sialfum honum er alltt syntt skiptir. oc skipar aullu eptir sialfs sins uilia”. Dette svarar til Lipomamus 334a^{9f}: “Ipse enim cuncta cernit, et quemadmodum uult, immutat et transponit”.

Når b-teksten innleier med “er” i staden for “En”, som a/c står saman om, er dette truleg ei feilskrivning. Elles har b/c lik tekst. I a-teksten er samanheng og meining tydeleg skipla ved to utelatingar. Det som skulle tilsvara b/c “er allt”/“er allt” og “ollo eptir”/“aullu eptir” vantar nemleg der. Teksten i b/c samsvarar derimot godt med latinteksten, og er svært truleg mest opphavleg.

Om eldslogten sin gud, Vulcanus heiter det i a side 127^{29f}: “huersu ma þat þo vera at guð være sinkgiærnn oc barrato maðr. oc þo bunndinn af oðrum með ofriki”. Dette er uttrykt slik i b 29vb^{32ff}: *huerso ma þat þa vera at guð veri singiarn oc barratto samr æða hordoms maðr oc þo bundinn af oðrum með ofriki*. I Lipomanus 335a^{3f} er dette forma slik: “Quomodo <deus ergo/ergo deus erat> cupidus, et belligerator, et <adulter et uinctus/vinctus et adulter>”. Her er b atter ein gong nærare den latinske teksten enn a er.

I framhald av dette heiter det om den gresk-romerske vinguden Bacchus i a side 127^{32ff}:

Bachum kalla þeir oc einn guð sinn. oc sanna at hann var einn varðueizlu maðr. oc meistare allra gio manna. Oc næmde i brott annarra manna konor braðr oc orðzfullr. fus at læynazt oppt oc felazt. En vm siðir drapo hann hermenn oc með þui at hann fekk eigi sialfr forðazt dauðan. oc var þo giomaðr. oc æðe fullr. fus at felazt oc læynazt. huersu matte hann þa guð vera.

Dette lyder i b 29vb^{35ff}:

BAkun kalla þeir ok guð sinn æinn ok sanna at hann var natt dryckio maðr oc meistari allra geo manna `at eiga' konor. Braðr oc æði fullr fuss at leynaz opt oc felaz. En um siþir drapo hann hermenn. Oc með þi at hann forðadiz æigi dauðann ok var þo gej maðr. ok æði fullr fuss at felaz ok læynaz. hverso matti hann þa guð vera.

Innhaldet byggjer på Lipomanus 335a⁴⁻⁹:

Bacchum uero inducunt deum esse, nocturnas agentem festiuitates, et magistrum ebrietatis, et euellentem uxores proximorum, et furiosum, et fugitiuum. Nouisime autem a Titanis occisus est. Si <ergo/enim> Bacchus occisus non potuit semetipsum adiuuare, qui et ebriosus fuit, et furiosus, et fugitiuus, quomodo erat deus?

Mykje er likt i a og b, men begge skrivarane har slurva noko. I b er det gjort eit sprang frå “manna” til “manna”. Truleg for å retta opp dette er det sett inn “at eiga” over lina, framfor “konor”. I b er dessutan namnet på vinguden feilskrive som “BAkun”. Handskriftet har ein tekstinversjon i høve til a, “guð sinn æinn” mot “einn guð sinn”, og ei forenkling, “forðadiz æigi” for “fekk eigi sialfr forðazt” i a. Dette er atgjeving av “non potuit semetipsum adiuuare”. Her verkar a-formuleringa mest opphavleg. Men når a nemner vinguden som “einn varðueizlu maðr” der b har “natt dryckio maðr” er det b som står nærast “nocturnas agentem festiuitates”. I ein problematisk tekstvariant b 30ra⁵ “gei” ser “i” ut til å vera brigda frå “j” framfor maðr. Her har a “giomaðr”, som svarar til “ebriosus” i latinteksten. Litt lenger nede har a “æðe fullr”, medan b har “æði fullr”. Begge stader må det vera “æðifullr” som ligg til grunn, dette svarar til “furiosus”. Den sams feilskrivninga med æ for ø skriv seg truleg frå ein lekk tidlegare i overleveringsprosessen. Dette vert stadfest ved at litt lenger oppe i teksten har b “æði fullr” som parord til “Braðr” for å gje att “furi- osum”, også her står æ for ø. I a har “braðr” som parord i staden eit hapax legomenon, “orðzfullr”, som verkar nokså søkt i samanhengen, og knapt kan vera opphavleg. I dei norrøne tekstvitna heiter det at vinguden vart drepen av “hermenn”/ “hermenn”, medan latinteksten har “a Titanis”. Begge handskriftene viser samsvar med latinteksten, men har også på ulike stader avvik frå han. Det ser ut til at b viser beste samsvaret med latinkjelda.

I a side 129¹³ står namneforma “osvrin”, b 30rb³⁶ har “osyrin” og h side 240¹⁸ “osurin”. Lipomanus 335a³⁶ har formene “Osirin”/“osyrím”. Handskriftet b har her same skriveform som Speyer 1472–73, noko som kan tyda på at den mest opphavlege namneforma er teken vare på i dette handskriftet. To liner nedanfor, side 129¹⁵, har a namnet “orus”, medan b 30va⁷ har “horis”. Her har h side 240²³ “orus”. Dette svarar til “Orus” i Lipomanus 335a³⁸. I den greske teksten er namnet *Hýros* (Wood-

ward/Mattingly 1967: 414⁹). Både a og h samsvarar med latinteksten i namneform, her er det b som viser avvik. I b 30va³ er same namnet skrivið “orsis”, og b 30va¹⁴ har “oris”. I skrivemáten for dette namnet er handskriftet b vaklervore, medan a side 129¹⁵ og 129²² sá vel som h side 240²⁰ og 240²⁷ held seg til “orus”.

Handskriftet a har side 129^{20ff}:

oc matte eigi vsis hialppa eða biarga. osvrin bonnda sinum oc broðor. eigi matte oc vsiris sialfr hialppa ser. tiphon broðor bane. fek oc eigi frialsa sik. firir raðe. orus broðor sunar sins. oc af raðom vsidis systur sunar oc broðor kono.

I b 30va^{9ff} heiter dette:

oc matti æigi ysis hialpa. æða biarga. Oc syrin bonda sinom oc broþor ok æigi matti osyris sialfr hialpa ser. Thiphon broður bani fecc oc æigi frialsat sic fyrir raði oris broþur sunar sins. oc af raðum ysidis systor sinnar ok broðor konu.

I h er det same avsnittet gjengitt slik side 240^{24ff}:

ok matte eigi ysis hialpa. eða. biarga osurin bonda sínum. ok broðor. eigi matte ok Osurin sealfr hialpa ser. tiphon broður bane. feck ok æigi frialsat sek fir drape orus broður sonar síns. ok af raðum ysidis systur sinnar ok broðor kono.

I Lipomanus 335^{39ff} er ordlyden:

<Itaque/Ita> neque <Isis/ysis> potuit adiuuare suum fratrem, et maritum, neque <Osiris/osyris> occisus <a Typhone/antypnone>, ualuit subuenire sibimetipsi, neque Typhon <fratricida/fratrincida> perditus ab Oro, et <Iside/y-side>, quiuit se a morte eruere.

Her har handskriftene fleire tillegg til den latinske teksten som opplyser om slektskapstilhøve. Teksten i a/b/h har nokre avvik seg imellom, der to av tekstvitna står saman mot eitt. Det er tilfelle når h/a står saman om ordstillinga “eigi matte ok” der b har “ok æigi matti”. Også med namneforma “osvrin” står a/h saman, medan b har “syrin”. Alle tre handskriftene har her ei forvanska form i høve til latinteksten. Likskapen mellom a/h i namneform tyder på at h her står nærare overleveringstradisjonen i a enn b gjer.

Namneforma “tiphon” er a/h saman om, medan b har “Thiphon”. Også i bruken av namneforma “orus” i genitiv står a/h saman mot b, som har “oris”. Men når det gjeld forma “vsis”, står a åleine, mot “ysis” i b/h, som er i samsvar med Speyer 1472–73. Med varianten “systur sunar” skil a seg seg også klårt frå b/h. Han har truleg opphav i mislesing eller skrivefeil, kanskje på grunn av “sunar” straks framanfor. Noko meir problematisk er det når a/b har “raðe”/“raði” og h “drape”. Her er h

innhaldsleg meir kjeldenær enn a/b. Dette kan vera vitnemål om at h har teke vare på ein eldre lesemåte enn den dei to andre tekstvitna er sams om.

Side 130^{1ff} har a fylgjande tekst: “oc skildo þo eigi sialver. skynlausir menn at goð lausir ero slikir guðir”. I b 30vb^{4f} stár: “ok scilþv þo eigi sialfir skynsamir menn. at gæþa lausir ærv *slikir* gupir”. Dette svarar til h side 241^{4f}: “ok skildo þo æigi sialfir skynsamir menn. at goða lauser ero s[likir] guðir”. Det latinske tekstgrunnlaget er Lipomanus 335b³: “non intellexerunt de ipsis, quia non sunt dij”.

Handskriftene har i det meste av lik tekst, men viser avvik i lesemåtar på to viktige punkt. Medan a har “skynlausir”, stár det “skynsamir” i b/h. Det er a som her har den vanskelegaste lesemåten, og dette må også denne gongen vega tungt i vurderinga av kva som er mest opphavleg. I 1851: 139 er a-teksten sitt alternativ sett på som så sterkt at det ikkje er bytt ut mot varianten. Rindal (1981: *58) finn teksten problematisk her, og kommenterer: “Dersom h’s lesemåte kan omsetjast med ‘sjølv ikkje forstandige menneske skjønna’, er det ein betre variant enn a’s. Vi kan då kanskje også her rekne a’s lesemåte som sekundær. På dette punktet gjev den latinske teksten inga rettleiing”. Det er vanskeleg å finna ei betre forståing av tekstinnhaldet i h på denne staden enn den som vert målboren gjennom omsetjinga Rindal gjev. Skrivaren i a kan ha vorte førehandspåverka av “goð lausir”, som han fører i pennen to ord lenger ute i teksten. I tillegg må ein ha in mente at også mange andre stader har a-skrivaren gjort tekstbrigde. Tekstvarianten i a gjev ikkje *så* god meining etter “sialver” som den b/h stár saman om. Sjølv om det heilskapleg vurdert ikkje er heilt udiskutabelt at lesemåten i b/h er meir opphavleg enn den i a, talar mykje for at Rindal si vurdering er rett.

På den andre avviksstaden går handskriftene kvar sin veg. I a stár “goð lausir”, i b “gæþa lausir” og i h “goða lauser”. I det andre avviket har h ein variant av same ordet som a har, og som tyder “gudlaus”, jf. Hødnebø 1972 til “goðalauss”. Lesemåten “gæþa lauss” i b gjev svært truleg att adjektivet “gæðalauss”, “Uden Goder eller Herligheder” (Fritzner 1973). Her ser ordet ut til å vera nytta for å seia at dei såkalla gudane vantar guddomlege attributt. Dette samsvarar godt med den latinske teksten sine ord om at dei ikkje er gudar. Dermed er det b som ser ut til å vera mest på line med den opphavlege teksten her.

I a stár det side 129^{4f} at “Egiptu lanndz folk. er bæðe folskare. oc heimskare. en allar aðrar þioðer. i sinni. villu”. I b 30rb^{325f} les ein på tilsvarande tekststad at “Egipta landz menn æru bæði folskare en allar þioðir isinne villo”. Ein tredje tekstversjon ligg føre i h side 240^{10f}: “[E]gyptalanðz menn ero hæimskare enn all[ar] aðrar þioðer. isinni villo”. Tekstversjonane har si kjelde i Lipomanus 335^{31f}: “Ægyptij uero sceleratiores, et stolidiores his existentes, deterius omnibus gentibus errauerunt”.

Her stár a åleine med “Egiptu lanndz folk”. I landsnamnet har b/h endinga -a, og desse to handskriftene er dessutan saman om “menn”. I framhaldet har a/b/h kvar sin tekst, a “bæðe folskare. oc heimskare”, b “bæði folskare” og h “hæimskare”. I b er stavkroken i ligaturen “sk” utelaten, og skrivaren har hoppa over eit par ord. Dette

siste har ført til anakoluti. Dessutan vantar “aðrar”, som a/h har. Teksten i h er medvite nedkorta av skrivaren ved stryking av “bæðe” og “oc” i høve til a. Det er a som her har den fullstendige tekstversjonen, med to karakteriserande adjektiv i komparativ, til liks med latinkjelda. Dermed er det dette handskriftet som her er beste vitne om opphavg tekst.

Side 129⁸ har a “oc i vatnum við oc a trio. oc groannda gras”, medan b 30rb³⁰ har “æða j votnum við oc træ ok groandi gros”, h har side 240^{13f} “ok i vatnum við ok trio. ok groande gros”. Tekststaden svarar til Lipomanus 335a³⁴: “et <aquatilia/aquatilia>, et arbores, et germinantia”.

I a er både “vatnum” og “gras” uomlydde, a-endinga i “groanda” viser at “gras” er meint som eintal. Innføringa av preposisjonen “a” framfor “trio” verkar noko mistilpassa, ikkje minst sidan han også står til “gras”. Teksten i a ber såleis vitnemål om ei noko uryddig språkhandling. Fyrste ordet i b sin tekstvariant er “æða”, medan a/h har “oc”/“ok”. Truleg er dette ei redaksjonell endring frå b-skrivaren si hand med føremål variasjon. Fleirtalsforma “gros”/“gros” i b/h for attgjeving av kollektivet *germinantia* er nok meir opphavleg enn eintalsforma i a. Teksten i desse to handskriftene svarar nok betre til latinteksten enn a-versjonen gjer.

Side 124^{17f} har a: “Stundum þoler hon mynn skortt sins lios oc geisla”. Dette svarar til b 28vb^{10f}: “stundum þoler hon mikinn scortt sins lios oc geisla” og til h side 243^{3f}: “stundum þoler [hon] mykinn skortt síns geisla ok lioss”. Lipomanus 334a⁴⁵ har: “defectum luminis patientem”. Her står a med “mynn” *mot* b “mikinn” og h “mykinn”. Handskriftene a/b har elles lik tekst, h skil seg frå b ved inversjonen “geisla ok lioss”. Skrivaren attom a har truleg hatt “mykinn” i førelegget, men har hoppa over “ki” midt inne i ordet. Dermed vert b/h betre tekstvitne enn a også her.

I a side 101⁷⁻¹² står:

oc hevir þu a mer. vúinum mínum spott. oc latr með myklu bernsku raðe oc vuitregre kenning. af folskra manna fortalu. og skipptir sva minv raðe i brott. i þeirra vrað. oc littir þeirra fortalu meir. en minni. faður legre kenning. þar sem þu firir lætr at þiona. fornóm guðum. feðra varra.

Dette svarar til b 21rb^{28ff}:

ok hæfir þu gert amer uuinum mínom. spott. ok latr. með miclo bernsko raðe. oc ovitrliga kenning. af fiolkungra manna fortolu. ok sciptir sva brott mino raði iþæirra urað. ok littir þeira fortolo meir en míne fauðorligre fortolu. þar sem þu fyr lætr at þíona fornóm guðum fæðra vara.

I g 1vb^{14ff} lyder tilsvarende tekstbolk slik:

oc hefir þu gort amer vúinum mínum s[pot]t oc látr. með miklo bernsko ráðe. oc v vitrlegri [k]enning af folskra manna fortolum. oc skiptir sua abrott m[ino] raðe

i þeira vrad. oc littir þeira fortolu meir en [minni] faðorlegri kenning. þar sem þu fyrir létt at þ[iona] fornum guðum feðra várra.

Slik stár det i h side 237^{12ff}:

ok hefir þu gort a mer vínun thinum spott ok lat[r] með myklu bensku raðe. ok uitregre kenning. af folskra manna fortalo. ok skiptir sua brott mino raðe. jþetta v rað. ok litir þeirra fortalo meir en minni faðulegre kenning. þar sem þu firir lætr at þiona. fornóm guðum fed[r]a vara.

I Lipomanus 329a^{30ff} kan ein lesa:

et factus sum inimicis meis in derisum, et aduersarijs meis in delutionem. Indisciplinata mente, et infantili consilio seductorum uerbis ob audiens, et consilium male sapientium meo præferens, et nostrorum deorum cultum derelinquens.

Her fylgjer dei norrøne tekstversjonane kvarandre noksá tett, og ligg nær den latinske teksten. I a er eit ord utelate mellom “þu” og “a” heilt i byrjinga av sitatet, g og h har her “gort”, b “gert”. Handskriftet a har også ein inversjon, “minu raðe bratt”, i høve til dei tre andre tekstvitna. Større avvik er det når skrivaren attom b har bytt ut “folskra”, som a/g/h har, med “fiolkungra”, og dermed framstiller det å fylgja dårlege ráð som eit trolldomsverk. Kan hende har han funne at dette svara betre til “seductorum” i latinteksten. Når b litt lenger ute har “fortolu” der dei andre handskriftene har “kenning”, er nok grunnen at “fortolo” har vore nytta kort frammanfor.

I h stár “vínun thinum” der a har “vúinum mínum” og b “uunínm minóm”. Her har latinteksten både *inimicis meis* og *aduersarijs meis*. Dette skulle bera vitnemál om at dei andre handskriftene har ein meir opphavleg lese máte enn h. Sekundær er lese máten i h også når handskriftet har “uitregre” framfor “kenning”, medan a har “vuitregre”, b “ovitrliga” og g “v uitregri”, jf. “Indisciplinata mente” i latinteksten. Eit tredje punkt der h stár áleine mot dei andre handskriftene er “jþetta” der a har “i þeirra” framfor “vrad”, b “i þeirra” og g “i þeira”. Skrivaren attom h har oppfatta “v rað” som eintal, dei andre skrivarane har teke ordforma “vrad”/“urað” som fleirtal. Latinteksten gjev ikkje noka hjelp her, men ut frá samanhengen ser det ut til at også her har h ein mindre opphavleg tekst enn dei andre handskriftene. Avvika i h frá tre samstemde andre tekstvitne syner at det i dette tekststykket truleg er dei andre som i motsetnad til h har teke vare på den mest opphavlege lese máten.

Samanfatning og konklusjon

Utgangspunkt er tilhøvet mellom handskriftene a/b/c/h slik dette er utgreidd i Rindal 1981. Drøftinga har synt far etter medvete arbeid hjá ein norrøn omsetjar på leit etter gode ord og høvelege attgjevingsmátar. Omsetjingsorda má ha vore valde med

omhug. Rett som det er, kjem tillegg med forklåringar til, stundom utførlege. Andre gonger kan attgjevinga vera forenkla og redigert.

Gjennomgangen samlar seg om kva for feil og tekstbrigde som har kome opp under omsetjings- og avskrivingsprosessane. Det er lagt vekt på drag som kan kasta ljøs over kvaliteten på tekstformidlinga og drag som vitnar om mest opphavleg tekst.

Teksten i h kan einiskilde gonger stå saman med a mot b, men tilfella tykkjast å vera relativt få. Langt oftare står b/h saman om ein betre lese måte enn den ein finn i a. Dette gjeld ikkje berre skrivemåte og grammatisk form, men også attgjeving av latinteksten. Dei same handskriftene kan også stå saman om å ha teksttillegg i høve til a, men tillegget kan vera noko ulikt i dei to tekstvitna. Dei mange likskapane mellom b/h, medrekna eit mogleg tilfelle av sams feil, vitnar om nær slektskap mellom dei. På ei rekkje stader der b/h står saman mot a, er dette på grunn av skriveslurv i a. Det ligg føre mange døme på at teksten er endra i a, medan b/h har teke vare på meir opphavlege lese måtar. Mykje tyder på at det sams vitnemålet frå desse to handskriftene er å rekna som meir opphavleg enn a-teksten, sjølv om det også finst slurv i b. Men a/h kan også stå saman om den mest opphavlege teksten. Ein sjeldan gong kan a/b stå saman mot h.

Det finst døme på at b/c kan stå saman om ei meir opphavleg tekstform enn a/h. Det finst også døme på at c/h kan stå saman om den tekstkritisk sett beste lese måten, og a kan stå *mot* b/c. Men c *kan* stå nærare a enn b, mellom anna i ordstilling. Avvika mellom a/c er mange, men c kjem best frå samanlikninga når det gjeld opphavlege lese måtar. Dette kan tyda på at teksten frå originalen er betre overlevert der enn i a.

Det verkar etter dette som om h må vurderast som betre tekstvitne enn a. Handskriftene b/c ser ut til å vera plasserte noko for langt borte frå a/h ved det avstandstilhøvet mellom a og b/c som utgjevaren har lagt inn i handskriftvurderinga. Tekstdøma gjev dessutan grunn til å reisa tvil om at “h står nærare a enn b og c” (Rindal 1981: *56, *59).

Litteratur og avstytingar

- Astås, Reidar. 1990 a. “Barlaams ok Josaphats saga i nærlys.” *Maal og Minne*: 124–52.
 ———. 1990 b. “Romantekst på vandring.” *Edda*: 3–13.
 ———. 1990 c. “Den eldste bevarte kristne apologi.” *Tidsskrift for teologi og kirke*: 177–192.
 Blaise, Albert. 1954. *Dictionnaire latin-français des auteurs chrétiens*. Turnhout: Brepols.
 Fritzner, Johan. [1883–1896] 1973. *Ordbog over Det gamle norske Sprog* I–III. 4. utgave, opptrykk etter 2. utgave. Universitetsforlaget: Oslo-Bergen-Tromsø.
 Haugen, Odd Einar. 1983. “Om tidsforholdet mellom *Stjórn* og *Barlaams ok Josaphats saga*.” *Maal og Minne*: 18–28.
 ———. 1991 a. “Barlaam og Josaphat i ny utgåve.” *Maal og Minne*: 1–24.
 ———. [1982] 1991 b. *Interpolasjonane i den gammalnorske saga om Barlaam og Josaphat*. 2. opplag. Hovudfagsavhandling. Universitetet i Bergen, Nordisk institutt.

- Hødnebo, Finn 1972. *Ordbog over Det gamle norske Sprog af Dr. Johan Fritzner. Rettelser og tillegg ved ...* Fjerde bind. Universitetsforlaget: Oslo-Bergen-Tromsø.
- Keyser, Rudolf og Carl Richard Unger, utg. 1851. *Barlaams ok Josaphats saga*: en religiøs romantisk fortælling om Barlaam og Josaphat, oprindeligt forfattet paa græsk i det 8de aarhundrede, senere oversat paa latin, og herfra igjen i fri bearbejdelse ved aar 1200 overført paa Norsk af Kong Haakon Sverressön. Christiania: Feilberg & Landmark.
- Lipomanus, Luigi, utg. 1551ff. *Sanctorvm priscorvm patrvm vitæ ... Liber tertius*. Venetia. Vita beatorum Barlaam et Josaphat. Blad 297b–353a.
- ONP = *Ordbog over det norrøne prosasprog. Registre*. 1: a–bam.. 2: ban–da. 3: de–em. ONP 1–3: *Nøgle*. København: Den arnamagnæanske kommission. 1989–2004.
- Rindal, Magnus, utg. 1981. *Barlaams ok Josaphats saga*. Norrøne tekster nr. 4. Oslo: Norsk historisk kjeldeskrift-institutt.
- Speyer 1472–73 = [Speyer]: *Barlaam et Josaphat* [Trykkeren af Gesta Christi], [1472–73]. Inc. Haun. 544 fol.
- Widding, Ole. 1963. “Et norsk fragment af Barlaams saga.” *Maal og Minne* 1963: 37–46.
- . 1972. “Om fragmenter af Barlaams saga ok Josaphats.” *Maal og Minne* 1972: 93–103.
- Widding, Ole m. fl. 1963. “The Lives of the Saints in Old Norse Prose. A Handlist.” *Medieval Studies* XXV 1963: 292–337.
- Woodward, G. R. og H. Mattingly, utg. [1914] 1967. [St. John Damascene]: *Barlaam and Joasaph*. The Loeb Classical Library. Greek Authors 34. London og Cambridge, Massachusetts: Heinemann og Harvard University Press.

Reidar Astås
Hegreveien 18
NO-3124 Tønsberg
reidar.astaas@c2i.net